



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kjølsdalen sokneråd



## **ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2015**

## ÅRSMELDING FOR KJØLSDALEN SOKNERÅD – 2015

Dette året har det vore 23 gudstenester, der det har vore til saman 1797 deltakarar, og 231 nattverdsgjester. Av desse har det vore 1 Friluftsgudsteneste som også i år blei helde på Naturmøteplassen i Kjølaldalen.

Det har vore til saman 6 barnedåpar, 10 konfirmantar og 2 gravferder. I Takkoffer kom det inn i alt totalt kr 50.119,- til ulike organisasjonar der av gjekk kr 9.017 til kyrkjelydsarbeidet.

Det gamle Soknerådet har halde 6 møter og handsama 36 saker fram til Kyrkjevalet 14.september. I samarbeid med Trusopplæringa sitt arbeid i Eid har soknerådet vore med å hjelpt til med å dele ut kyrkjeboka til 4-6 åringane, og biblar til 5. klassingane i kyrkja.

Kyrkjelydens sitt Årsmøte hadde vi den 22.februar etter gudstenesta med kyrkjekaffi. Årsmeldinga og Rekneskapen blei godkjent utan merknader.

Soknerådet har framleis "MALI" som sitt hovudmisjonsprosjekt i Utlandet.

Soknerådet har og vore med å arrangert Betakurs med ulike Temakvelder på Eid Kyrkjetun i samarbeid med dei andre sokneråda i Eid.

I vår blei det litt dugnadsarbeid med måling av flaggstanga, og litt fjerning av mose i grusen ved hovudinngangen ved kyrkja.

I haust blei det tilsetting av ny sokneprest, Henny Koppen frå Stryn. Ho vart med i Kjølaldalen kyrkjelyd og vårt sokneråd. Vi ynskjer Henny velkomen i kyrkjelyden vår, og lukke til med arbeidet vidare framover.

### **KJØLSDALEN KYRKJE 75 ÅR**

Den 27.september blei Kjølaldalen kyrkje 75.år. Dette blei markert med ei flott jubileumsgudsteneste kl 11.00 med prost Rolf Scanke Eikum.

Andre som deltok i gudstenesta var Kjølaldalen Musikklag, Jon Vegard Sole Sundal, Ingvar Sundal og Kantor Ralph Cupper med flott musikk og tonar. Tusen takk skal De ha for den fine musikalske opplevinga i kyrkja.

Soknerådet hadde kjøpt inn Marsipankake, kringle og kaffi til kyrkjekaffien, til alle som tok ein tur til kyrkja denne jubileums dagen. Kjølaldalen Bygdekvinnelag hadde hjelpt til med å koke kaffi. Ei Takk også til bygdekvinnelaget for god hjelp.

Under kyrkjekaffien frå kl 10.00 var det litt helsingar, og overrekking av gåve frå Kjølaldalen Bygdekvinnelag og Kjølaldalen Sanitetsforeining. I samband med jubileumet gav Kjølaldalen Sokneråd ut eit jubileums skrift om Kjølaldalen Kyrkje 75 år. Sokneprest Sigurd Vengen var med på å få laga til denne, og hadde ei lita orientering med tilbakeblikk om kyrkja til kyrkjelyden. I tillegg kjøpte vi inn 5 stk. burgunder offerposar og eit Prosesjonskors til jubileumet i gåve.

**Vi vil rette ei stor TAKK til Dykk alle som var med på å gjere dette jubileumet til ein stor og flott minnerik festdag.**

## **KONFIRMANTJUBILEUM**

I år blei denne festen arrangert på 27.september sidan kyrkja vår hadde 75-års jubileum. Det blei sendt ut invitasjon til 50-og 60 års konfirmantane, der dei skulle få høve til å få med seg denne festdagen og jubileumsgudstenesta. Etter gudstenesta var det sosialt samvær for konfirmantjubilantane med servering av middag og kaffi i Kjølsdalen Samfunnshus.

## **KYRKJEVALET-2015**

Fram til den 14.september var det sett opp ei Nominasjonsnemnd for val av kandidatar til nytt sokneråd. Valet gjekk greitt utan noko merknad til valnemda. Det gamle soknerådet heldt fram til 1.november, til det nye soknerådet hadde konstituert seg.

Kjølsdalen sokn hadde den høgste valdeltakinga i Eid kommune.

Valet gav følgjande resultat:

Soknerådsmedlemer:

Torfinn Myklebust  
Jan Arvid Berstad  
Lars Frode Humborstad  
Helga Didrikke Sundal  
Dianne Eikås  
Bjørn Aardal

Varamedlemer:

Merete Duestøl  
Caroline Erviksæter

I tillegg er sokneprest Henny Koppen medlem av soknerådet.

Konstitueringa gav følgjande resultat:

Leiar Torfinn Myklebust  
Nestleiar Jan Arvid Berstad  
Kasserar Lars Frode Humborstad  
Sekretær Helga Didrikke Sundal

Medlemer fellesrådet:

Lars Frode Humborstad med vara Merete Duestøl  
Dianne Eikås med vara Caroline Erviksæter

Medlem i Diakoniutval: Torfinn Myklebust

Medlem i Trusopplæringsnemnda: Dianne Eikås

Medlem i Ungdomsutvalet: Merete Duestøl

Kontaktperson til Helgefred: Helga Didrikke Sundal

Det nye soknerådet hadde i 2015 3 møter og handsama 32 saker. Soknerådet har lagt vekt på å nå ut med informasjon om kyrkja og har difor opna eiga facebookside og lagt ut mykje informasjon på sidene til utviklingslaget. Soknerådet har og starta arbeid med rekruttering av kyrkjevertar og tekstlesarar til gudstenestene noko som skaper meir engasjement i kyrkjelyden. Vi er takksame for alle som har teke på seg ulike oppgåver, men vi har plass til fleire om nokon ønskjer det.

Det nye soknerådet vil takke det forrige for det arbeidet dei har lagt ned, samtidig takkar vi for tilliten vi har fått. Vi ser fram til fire år med spennande utfordringer i soknerådet.

### Rekneskapoversikt Kjølsdalen Sokneråd 2015

<u>BRUKSKONTO:</u>	<u>INNETEKTER</u>	<u>UTGIFTER</u>
Offer til diverse formål	kr 41 117,00	
Offer til kyrkjelydsarbeidet	kr 9 017,00	
Inntekter Konfirmantjubileum	kr 4 800,00	
Renter 2015	kr 13,00	
Overførte offerpengar		kr 41 102,00
Utlegg, Sonja Hatlenes		kr 945,89
Utlegg, Randi Heggheim		kr 298,00
Utgifter Konfirmantjubileum		kr 2 800,00
Arbeid med bed rundt kyrkja, Fellesrådet		kr 3 905,60
Gåve/Honorar Jon Vegar Sole Sundal		kr 1 000,00
Husleige Samfunnshuset		kr 3 500,00
Bakerie Bryggja, kaker til jubileum		kr 3 332,08
Bankgiro gebyr		kr 81,00
<u>Sum inntekter og utgifter 2015</u>	<u>kr 54 947,00</u>	<u>kr 56 964,57</u>
<b><u>UNDERSKOT FOR 2015 KR 2 017,57</u></b>	<b><u>Saldo 31.12.15</u></b>	<b><u>KR 22 884,54</u></b>

### HØGRENTE KONTO (tidlegare Messehakekonto) 2015

Behaldning 01.01.2015	kr 38 288,68	
Offerposar og prosesjonskors		kr 9 839,80
<u>Renter 2015 og Girogebyr</u>	<u>kr 339,00</u>	<u>kr 3,00</u>
<u>Sum Inntekter og utgifter 2105</u>	<u>kr 339,00</u>	<u>kr 9 842,80</u>

«Underskot» 2015kr 9 503,80 Saldo pr 31.12.2015 kr 29 784,88

*Rekneskapoversikt er revidert og signert godkjenningsrådet  
med sikringstempel*